

# Protokoll frå styremøtet i Språkrådet 15. september 2015

<i>Til stades</i>	Ottar Grepstad, Sigrun Høgetveit Berg, Bente Christensen (vara), Lars Rottem Krangnes (vara), Margrethe Kvarenes og Trond Trosterud
<i>Forfall</i>	Bodil Aurstad, Åse Lill Kimestad, Ola T. Lånke og Kamil Øzerk
<i>Frå sekretariatet</i>	Roy Petter Kristiansen (direktør, ikkje S 53/15), Åsa Kaldhussæter (førstekonsulent, ikkje S 53/15), Sturla Berg-Olsen (seniorrådgjevar, seksjon for språkrøkt og språkrådgiving, S 50/15), og Daniel Gusfre Ims (seksjonssjef, seksjon for språkrøkt og språkrådgiving, S 50/15)
<i>Møtestad</i>	Møterom 30, Språkrådet, Observatoriegata 1 B, Oslo
<i>Møtetid</i>	Kl. 12.00–15.00
<i>Møteleiar</i>	Grepstad
<i>Referent</i>	Kaldhussæter

## **Sakliste:**

### **Konstituering**

- S 41/15 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet
- S 42/15 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 2. juni og omframnt telefonmøte 16. juni 2015

### **Informasjonssaker**

- S 43/15 Undersøkinga «Kartlegging av bruk av engelsk i næringslivet»
- S 44/15 Høyringsfråsegner
- S 45/15 Klarspråksarbeidet til Språkrådet
- S 46/15 Presseklipp
- S 47/15 Referat frå etatsstyringsmøtet 13. april 2015

### **Vedtaksaker**

- S 48/15 Rekneskap per 31. juli 2015
- S 49/15
  - a) Oppnemning av ny fagrådsmedlem i fagrådet for normering og språkobservasjon
  - b) Oppnemning av ny fagrådsmedlem i fagrådet for skule og offentleg forvaltning
- S 50/15 Normeringssaker:

1. Stor eller liten forbokstav i sola, månen og jorda
2. Stor eller liten forbokstav i Internett
3. Bøying av nokre grupper substantiv i bokmål

S 51/15 Språkprisen, nytt punkt under retningslinjene

### **Drøftingssaker**

S 52/15 Oppdrag frå Kulturdepartementet i samband med språklova: Undersøking av om byråkratar helst skriv bokmål eller nynorsk

S 53/15 Tilsetjing av ny direktør

S 54/15 Endring av vedtaket frå 2008 om vedtaksprotokoll

### **Konstituering**

**S 41/15 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet**

**Sakspapir:** Saklista 15. september 2015

Merknad: Åse Wetås har trekt seg frå styret grunna si nye stilling som direktør i Språkrådet.

**Vedtak:** Innkallinga og saklista er godkjende.

**S 42/15 Godkjenning av protokoll frå styremøte 2. juni og omfram  
telefonmøte 16. juni 2015**

**Sakspapir:** 1. Utkast til protokoll frå styremøtet i Språkrådet 2. juni 2015  
2. Utkast til protokoll fra ekstra styremøte i Språkrådet 16. juni 2015

**Vedtak:** Protokollane frå styremøta er godkjende.

### **Informasjonssaker**

**S 43/15 Undersøkinga «Kartlegging av bruk av engelsk i næringslivet»**

**Sakspapir:** Saksframlegg frå sekretariatet 2. september 2015

Kartlegginga kan koplast til tidlegare undersøkingar.

**Vedtak:** Styret tar saka til orientering.

### **S 44/15 Høyringsfråsegner**

**Sakspapir:** 1. «Høring - utkast til lov om endring av lov om Norsk kulturråd»  
2. «Høring - endringer i forskrift om produksjonstilskudd - ny tilskuddsordning for nasjonale ukemedier»  
3. «Høringsuttalelse fra Språkrådet - utkast til Norges første rapport til FN-komiteen som overvåker FN-konvensjonen om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD-komiteen)»

Styret rosar arbeidet med høyringsfråsegn nr. 3.

**Vedtak:** Styret tar høyringsfråsegnene til orientering.

### **S 45/15 Klarspråksarbeidet til Språkrådet**

**Sakspapir:** Saksførelegg frå sekretariatet 2. september 2015

Merknad: Til neste møte førebur direktøren eit stutt notat om samarbeidet med KS.

**Vedtak:** Styret tar saka til orientering.

### **S 46/15 Presseklipp**

**Sakspapir:** Presseklipp

Det vart også delt ut ein kronikk som stod på trykk i Sunnmørsposten 12.9.15.: «Kommunereformen og nynorsken» av Roy Kristiansen.

**Vedtak:** Styret tar informasjonen til orientering.

### **S 47/15 Referat frå etatsstyringsmøtet 13. april 2015**

**Sakspapir:** Endeleg referat frå etatsstyringsmøtet 13. april 2015

**Vedtak:** Styret tar informasjonen til etterretning.

## Vedtaksaker

### **S 48/15      Rekneskap per 31. juli 2015**

**Sakspapir:** Rekneskapsrapport per 31. juli, taloppstilling

Direktøren orienterte munnleg. Budsjettet er i balanse, men økonomiseksjonen må styrkast. Det blir hyra inn ein person frå eit vikarbyrå som har kjennskap til blant anna Agresso og Contempus. Styreleiaren etterlyste ei oversikt over prioriterte prosjekt. Det blei drøfta korleis ein kan skape gode rutinar for budsjettering i prosjektplanlegging. Direktøren tar med eit notat om dette til neste møte.

**Vedtak:** Styret tar rekneskapen til etterretning.

### **S 49/15      a) Oppnemning av ny fagrådsmedlem i fagrådet for normering og språkobservasjon**

**Sakspapir:** Saksførelegg frå direktøren

Merknad: I framtidige oppnemningar legg styret vekt på å halde oppe høg normeringskompetanse i fagrådet.

**Vedtak:**      **1.** Styret oppnemner Ragnhild Bjørge som ny medlem i fagrådet for normering og språkobservasjon frå 1. januar 2016 til 31. desember 2019.

**2.** Styret oppnemner Leiv Inge Aa som nestleiar i fagrådet frå 1. januar 2016 til 31. desember 2016, og med det som leiar i fagrådet frå 1. januar 2017 til 31. desember 2018.

### **b) Oppnemning av ny fagrådsmedlem i fagrådet for skule og offentleg forvaltning**

**Sakspapir:** Saksførelegg frå sekretariatet 3. september 2015

**Vedtak:** Styret oppnemner Ellen Hov Aanes som medlem i fagrådet for skule og offentleg forvaltning.

### **S 50/15      Normeringssaker:**

#### **1. Bøying av nokre grupper substantiv i bokmål**

## **2. Stor eller liten forbokstav i *Internett(et)***

## **3. Stor eller liten forbokstav i *sola, månen og jorda***

- Sakspapir:**
1. Saksførelegg frå direktøren
  2. Frå fagrådet for normering og språkobservasjon: «Bøying av noen grupper av substantiv i bokmål – forslag om endringer»
  3. Frå fagrådet for normering og språkobservasjon: «Stor eller liten forbokstav i *Internett(et)*»
  4. Frå fagrådet for normering og språkobservasjon: «Stor eller liten forbokstav i *jorda, sola og månen* (bokmål også *jorden og solen*)»

Sturla Berg-Olsen og Daniel Gusfre Ims orienterte og svarte på spørsmål knytte til arbeidet med normeringane.

Margrethe Kvarenes kom med eit motforslag til nr. 1 i direktøren sitt vedtaksforslag: «Styret vedtar dei føreslåtte endringane i bokmålsrettskrivinga for nokre grupper substantiv, men bed om at ein innan rimeleg tid òg endrar nynorskrettskrivinga for å fjerne nokre umotiverte skilnader mellom målformene som oppstår gjennom desse endringane i bokmålsrettskrivinga.»

- Vedtak:**
1. Styret vedtar dei føreslåtte endringane for nokre grupper substantiv i bokmålsrettskrivinga og ber direktøren leggje saka fram for Kulturdepartementet til godkjenning.

Framlegget frå direktøren vart vedteke med fem mot ei stemme.

2. Styret vedtar at *Internett(et)* kan skrivast med liten forbokstav eller med stor forbokstav.

3. Styret vedtar at det ikkje skal gjerast rettskrivingsendringar for skrivemåten av *jorda, sola og månen* (bokmål òg *jorden og solen*).

4. Etter vedtak i styret og godkjenning i Kulturdepartementet (berre for 1) blir skrivemåten og bøyingsmønsterane for dei aktuelle orda registrerte i Norsk ordbank, kunngjorde på høveleg måte av Språkrådet og så snart som mogleg oppførte i Bokmålsordboka og Nynorskordboka.

## **S 51/15 Nytt punkt under retningslinjene for Språkprisen**

- Sakspapir:** Notat frå sekretariatet 26. juni 2015 med framlegg til nytt punkt under retningslinjene

Vedlegg: *Retningslinjer for Språkprisen* (sist endra 12. desember 2013)

Styret ynskjer at kortlista skal sendast ut tidlegare enn foreslått i framlegget til vedtak. Det var også semje om at det bør vere ei kortare liste enn seks nominerte, til vanleg vil det halde med tre. Det vart drøfta om vinnaren skal informerast på førehand. Styret delegerer til direktøren å avgjere saka for i år i samråd med juryleiaren.

**Vedtak:** Styret godkjenner eit nytt punkt under retningslinjene for Språkprisen. Det blir punkt 7, og det gamle punkt 7 blir punkt 8.

Ordlyden i det nye punkt 7 blir:

*7 Kortliste*

To til tre veker før prisutdelinga sender Språkrådet på vegner av juryen ut ei liste med dei tre høgast rangerte blant dei nominerte.

## **Drøftingssaker**

### **S 52/15      Oppdrag frå Kulturdepartementet i samband med språklova: Undersøking av om byråkratar helst skriv bokmål eller nynorsk**

**Sakspapir:** Saksførelegg frå sekretariatet 3. september 2015

Utkast til rapport frå Språkrådet skal vere klart på måndag 21. september, og både utkastet og bakgrunns materialet for analysen vil bli sendt ut til e-posthandsaming i heile styret. Svarfrist: 3 dagar.

**Vedtak:** Styret tar saka til orientering.

### **S 53/15      Tilsetjing av ny direktør**

**Sakspapir:** Ingen

Styreleiaren orienterte om prosessen rundt tilsetjing av ny direktør med bakgrunn i telefonmøtet 16. juni 2015, sidan styret då ikkje var vedtaksført. Styret drøfta saka.

**Vedtak:** Styret tar saka til orientering.

### **S 54/15      Endring av vedtaket frå 2008 om vedtaksprotokoll**

**Sakspapir:** Saksførelegg frå direktøren

Føremålet er meir informative protokollar som ivaretar informasjonsbehovet i etterkant. Eventuelle merknadar skal med. Det var semje om å prøve ut dette i neste protokoll.

**Vedtak:** Styret tar saka til orientering.

## **Godkjenning**

Protokoll frå møtet 15. september 2015 er godkjend 10. desember 2015.

Ottar Grepstad

Lars Rottem Krangnes

Sigrun Høgetveit Berg

Bente Christensen

Margrethe Kvarenes

Trond Trosterud

Roy Petter Kristiansen